

Om stadnamnet Dimnøy

Ivar Ertesvåg, mars 1994

Tildriv for denne utgreiinga:

Det har kome ei ny lov om Stadnamn, sett i verk i juli 1991. Etter denne lova skal dei vedtak Statens Kartverk gjer om stadnamn brukast av alle offentlege organ.

Namnekonsulenttenesta for Vestlandet har i brev 2.10.91 gjort framlegg om å endre namnet Dimnøya til Dimna. Dette framlegget vart gjennomført på 1992-utgåva av kartbladet Ålesund i kartserien M711, blad 1119I. På grunn av ufullstendig sakshandsaming i første runde, har Kartverket sendt ut saka til høyring.

Dette er skrive som vedlegg til utsegn frå eigarane på gnr.32 Ertesvåg, ved Leif Ertesvåg.

Kva saka gjeld:

Dette er sak etter Stadnamnlova frå 18.mai 1990, med forskrifter. Namnet er for ei øy i Ulstein kommune. På tidlegare utgåver (frå 1972) av kartbladet Ålesund, serie M711, blad 1119I, heiter øya Dimnøya.

Spørsmålet i denne saka er om offentleg skriftform for namnet på øya skal vere Dimna eller Dimnøy/Dimnøya.

Dimna er også namn på gnr. 32 og 33 i Ulstein, og på skulekrinsen/grenda som utgjer ein del av øya. Dimmen er nytta som slektsnamn på gardane, og som gardsnamn tidlegare (dvs med dansk språkdrakt). Desse namneobjekta er ikkje med i denne saka.

Eg reknar med at eldre former som Dimmø, Dimmøy og Dimmen er uaktuelle som offentleg skriftform. Det gjer at eg ikkje tek med moment som talar for/mot desse namna.

Eg reknar Dimnøy og Dimnøya som to former av same namn, ikkje to ulike namn. Det gjer at eg vekslar mellom dei to formene nedanfor.

Kva legg Stadnamnlova vekt på?

1) Lokal uttale

I Stadnamnlova heiter det (§4) at *"det ved fastsetjing av skrivemåten skal takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen"*.

I Odelstingsproposisjonen (nr.22 1989-90), avsnitt 7, heiter det i Merknader til §4 at *"Med den nedervde lokale uttalen er meint den uttalen som er munnleg overlevert innafor ein brukarkrins, m.a.o. den uttalen som har vore vanleg på staden og som framleis er i bruk"*. (Lovteksten, Merknader og Forskrifter er tekne med i Rundskriv V-13/91 frå Kulturdepartementet).

I Forskrifter (5.7.1991) til lova, §1-1 Definisjonar heiter det: *"Med den nedervde lokale uttalen er meint den uttalen som er munnleg overlevert frå tidlegare generasjonar, som har vore vanleg på staden og som framleis er i levande bruk."*

2) Praktisk funksjon

I Odelstingsproposisjonen, avsnitt 4: Prinsipp for normering av skrivemåten, heiter det under pkt. 4.4 Departementets merknader: *"Som både stadnamnutvalet og fleire høringsinstansar peiker på, har stadnamna den praktiske hovudfunksjon å identifisere bestemte stader på ein eintydig og opplysende måte."* Det skal leggjast vekt på *"den praktiske funksjonen"*. Dette punktet går mykje på at skriftforma skal kunne attkjennast, lesast og uttalast. Men det går også på at stadnamn skal skilje stader og område frå kvarandre. Dei skal ha ein *"terrenglokaliserande funksjon"*, - for å bruke Stadnamnutvalet sine ord (NOU 83:6).

3) Ønsket til eigarar/dei som bur på staden

Når nokon er gitt rett til å uttale seg, må det vere underforstått at utsegna også skal tilleggjast vekt ved avgjersla.

Eigarar og lokale organisasjonar har rett til å ta opp namnesaker (§6), uttale seg (§7) og å klage (§8). Korleis dette stiller seg i denne saka, kan vere litt uklart utifrå Rundskrivet med Lov, Merknader og Forskrifter. I Merknader til §6, Første ledd heiter det at *"Organisasjonar og samanslutningar som t.d. burettslag, vel-foreiningar, språkorganisasjonar og historielag vil til vanleg kunne seiast å ha særleg tilknyting til stadnamna i området."*

Men Departementet har utdjupa dette i Proposisjonen, pkt 5.3.1: *"Saker som gjeld skrivemåten av stadnamn, kan i tillegg takast opp av lokal organisasjon som har særleg tilknyting til stadnamnet. Ved å gi organisasjonar, lag og samanslutningar høve til å ta opp slike saker, vil vi sikre at folk på staden kan få komme fram med sitt syn."* Dette er altså føremålet med dette punktet.

Ut frå Proposisjonen må ein kunne gå ut frå at ei gruppe grunneigarar på øya kjem inn under dei "folk på staden", som ein vil sikre skal kome fram med sitt syn. Dei må reknast som ei "samanslutning" etter lova, sjølv om dei ikkje føreåt har skipa "Dimnøy grunneigarlag", "Dimnøya Nei til EF", lokallag av Småbrukarlaget eller liknande.

4) Innarbeidd skrifttradisjon

I Forskrifter §2-1 heiter det *"Ved namn på større og/eller særleg kjende lokalitetar skal det takast omsyn til innarbeidd skrifttradisjon"*. Etter det eg skjønar, har departement eller Klagenemnd ikkje definert kor stor eller kjend ein lokalitet må vere for å kome inn under dette. Her kjem det også inn at ein lovtekst står over ei forskrift. Forskrifta kjem til bruk der lova ikkje gjev klar rettleiing, og i denne saka er vel lova klar nok.

I Lova, Forskriftene og Proposisjonen er det sagt ein del om rettskriving, om at namn skal kunne lesast og attkjennast m m. I denne saka er dei to alternativa jamstilte ut frå desse omsyna.

Utsegner i saka så langt:

Sølvi og Leif P. Dimmen; Indre Dimna (Gnr.32, bnr.1, i Ulstein kommune) har klaga (13.10.92) på namneforma Dimna, om øya. Dei meiner namnet bør vere Dimnøya. Dei peikar på at dersom øya skal heite Dimna, vert indre Dimna ikkje Indre Dimna men Sundgot.

Alle (10 vaksne) som bur i Ertesvåg, gnr.30 som ligg på øya, har klaga (5.10.92) på namneforma Dimna, om øya. Dei meiner namnet bør vere Dimnøya, og seier at *"øya vert kalla Dimnøya. Vi meiner at namnet Dimnøya er vanleg og innarbeidd, og at det har vore lenge i bruk"*.

Namnekonsulenttenesta for Vestlandet har, i tillegg til å ta opp saka, gitt to utsegner (25.11.92 og 3.5.93). Dei "har ikkje viktige innvendingar" mot Dimnøya, sjølv om dei har Dimna som førsteval. Grunnlaget for å tilrå Dimna er eit namnekort av A.Muri, og ei uidentifisert/anonym kjelde. Dette skal eg kome attende til.

Etter ein viss presseomtale var det sommaren 1993 ein del innlegg i lokalavisa Vikebladet-Vestposten (25/5, 27/5, 3/6, 6/6, 10/6, 17/6, 29/6, 22/7). Desse var dels signerte og dels anonyme ytringar. Med eitt unnatak meinte alle som uttala seg, at øya har vore og vert kalla Dimnøya(a) av dei som bur der.

Litt geografi:

- sidan dette også skal lesast folk som ikkje er lokalkjende.

På Dimnøya er det 9 gardar (gardsnummer). Øya er delt mellom to skulekrinsar og bygder. Bygda og skulekrinsen Dimna er gardane Indre Dimna, Ytre Dimna og Vågane (gnr.32, 33 og 34) på Dimnøya, og Spjutøy (gnr.35; fråflytta i dag) like ved. Sundgotbygda (ofte berre kalla Sundgot) er gardane Breivik, Kleiva, Dimnasund, Sundgot, Ertesvåg og Røyra (gnr.26-31). Hasundbygda (ofte berre kalla Hasund) er gardane Botnen, Garshol, Hasund og Strandabø (gnr.21-24) som ligg på Hareidlandet nærast Dimnøya. Før det kom bru, var det vad mellom dei to øyane.

Hasund og Sundgot utgjer Hasund skulekrins. Hasund skule ligg på Sundgot, like ved brua mellom øyane. Kulturelt sett høyrer Hasund og Sundgot til same lokalmiljø. Nokre lag og organisasjonar femner om begge skulekrinsane, til dømes ungdomslaget og korpsa. Andre er mest for den eine av krinsane, til dømes idrettslaga Hasundgot IL og Dimna IL.

Uttaleform for øy-namnet

Så lenge nokon kan hugse, har folk frå Dimna, Sundgot og Hasund

kalla øya *Dimnøy*; bunda form *Dimnøya*, dativ på *Dimnøy(n)inje*. Eg skal ikkje påstå at dette gjeld absolutt alle. Men av dei som har opphav her, kan nok eventuelle unnatak teljast opp utan store rekneskap. Vi veit også at einskildpersonar meiner at vi brukar "feil namn", men heller ikkje desse kan nekte for at dei fleste seier *Dimnøya*. Eg trur, og vil seinare gje grunnar for, at denne namnebruken har vore i hevd i fleire hundreår.

Når dette er sagt vil eg minne om kva Stadnamnlova legg vekt på, nemleg den nedervde, lokale uttalen.

Vi har også ordet *dimning*. Det er naturlegvis ein person frå Dimna. Men brukar du denne nemninga om ein person frå Sundgot (bygda), kan han verte fornærma. Folk frå denne sida av øya vil på ingen måte vere *dimningar*. Og dei set svært liten pris på å verte kalla det. Kvifor? - Fordi dei ikkje er frå Dimna.

Til stønad for namneforma Dimna, om øya, viser Namnekonsulenttenesta for Vestlandet til eit namnekort av Alf Muri. Dette kortet har eg skaffa meg ein kopi av. Dvs eg har fått ein kopi frå Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo, der Alf G. Nordal Muri var amanuensis. Ein telefon til stadnamnsamlinga på Universitetet i Bergen stadfestar at kortet deira er det same. På kortet for øynamnet er uttaleforma ført (med lydskrift for hand): *dim'na, i dim'ni_e*. Kortet er påstempla A.Muri 1962. Sidan ikkje anna kjelde er gitt, må vi rekne Muri sjølv som kjelde. I følgje Peter Hallaråker ("Namn og Stad", Volda 1987, s.170) er han fødd i Herøy. Kva slag tilknytning han elles har til våre bygder, veit eg ikkje.

Dette er sagt fordi eg meiner at namnekortet etter Muri er feil, - det byggjer på eit mistak. Kva folk enn kallar øya, så brukar dei iallfall ikkje preposisjonen i om øya. Det heiter på. Prinsippet for desse namnekorta er at dei skal vise nominativform, dativform og den preposisjonen som vert brukt. Preposisjonen i vert nytta om ein del gardar og bygder, til dømes gardane og bygda Dimna. Det ligg nær å tru at Muri har teke i miss mellom bygda og øya - og at uttaleformene han har notert er for bygda. (Elles er eg kjend med at pensjonisten Muri er aktiv og oppegåande nok til å kunne svare for seg sjølv om det trengst).

Det er på det reine at folk utanfrå ofte brukar namnet Dimna om eit større område enn skulekrinsen Dimna. Mellom desse kan vi telje namnekonsulenten Oddvar Nes. Han kallar øya for Dimna, t.d. i "Jul på Sunnmøre 1993". Vi kan også finne denne namnebruken i lokalavisa Vikebladet-Vestposten.

Til dette er det to ting å merke:

- 1) Desse representerer ikkje den nedervde og lokale uttalen.
- 2) Den "terrenglokaliserande funksjonen" er ofte svak. Dei tek like gjerne Hasundbygda også med i "Dimna". Det grovaste tilfellet har eg frå far min: Ein kollega fortalde at han hadde kjøpt seg hus "inn i Dimna". Han er innflyttar til kommuna, men gift med ei Ulstein-dame. Huset ligg på Saunes.

Skriftlege døme på slik "utvida" bruk av Dimna-namnet finn vi i Vikebladet-Vestposten 23.10.93, s.16 og 10.2.94, s.3. Begge er

redaksjonelle artiklar. I det første klippet les vi at "*Omtrent heile Dimna*" var samla på Hasund bygdahus (dvs Hasund skule). Arrangøren var Hasundgot Idrettslag, og dei som var samla var vel mest frå Hasund og Sundgot. I det andre klippet les vi om eit uhell i "*Dimna-krysset*". Saka har fått førstesideoppslag, men der skjedde uhellet i "*Hasundkrysset*". Krysset ligg i Hasund. Vegkryss får namn etter staden, til dømes Strand-krysset (Stranda er bnr.2 på gnr.24 Strandabø), Garnes-krysset (eller Garnes-skiftet) og det eigentlege Dimnakrysset (som ligg i Ytre Dimna).

Namnekonsulenttenesta viser (i brev 3.5.93) til at "*No har me fått opplysningar som tyder på at uttaleforma /'dimna/ står langt sterkast,*". Dei to merknadene ovanfor gjeld for desse "opplysningane" også. Dessutan: Bruk av anonyme opplysningar høyrer ingen stad heime. Det er dårleg skikk, både mellom forskarar og allment. Her har ukjende heimelsmenn fått rang framom klare utsegner frå folk som bur på øya. Men Namnekonsulenttenesta vil sikkert klare opp i dette (arbeidsuhellet?).

Skriftlege vitnemål om øy-namnet, lokale dømme:

Skriftlege vitnemål frå folk i lokalmiljøet (utanom dei tilflytta prestane i Dimnasund) finn vi først tidleg i dette hundreåret.

Den første protokollen til *Hasund og Dimnøy Kristeleg Ungdomslag* (i forvaring hjå Karl Kleven) byrjar med "*Aar 1915 28/2 var det samla folk fraa Dimnøyi paa bedehuset paa Sundgot.*" Her vart ein samde om å skipe ungdomslag. På neste møte 14/3 vart det gjeve lover og valt styre. Då hadde det teikna seg 83 vaksne medlemmer. Av styret på sju var fire frå Dimna skulekrins, og tre frå Hasund skulekrins. Namnet på laget var det same som i dag.

Seinare fekk korpsa det same namnet: *Hasund og Dimnøy Ungdomsmusikk*, skipa 1920, og *Hasund og Dimnøy Skulemusikkorps*, skipa i 1970.

I den første lokalavisa, *Aarvak*, som kom ut i Ulsteinvik frå 1916 til 1921, finn vi nokre dømme:

18.4.1917; Kunngjering frå Ulstein Dyrkingsråd ved E.S.Hasund (Enok Hasund 1871-1954) om riving av barved "*i Vikemarka, paa Hasund, Dimøya og andre stader*" og om torvtaking "*paa Dimøyi*".

28.4.1919, s.2; Innlegg frå "Skogtrollet" med oppmoding om å plante skog. Her er nemnt "*prestegardsmarka paa Dimmøia*".

15.5.1919, s.2; Notis om "*Lyngbrand paa Dimnøya*". (v.red)

12.4.1920, s.1; "Litt posthistorie" (2.del) av Johan K. Hasund (1852 - 1925). Her er nemnt "*posten til Dimmøen*". Stykket er på riksmål.

I *Aarvak* 11.4.1917 kan vi lese at Rasofiel Dimmen (på Notaneset, Ytre Dimna) har kjøpt motorbåt til rutefart. Båten har fått namnet "*Dimnøy*". Rutene for denne båten vart annonserte kvar veke eit par år utover. 16.10.1919 vart båten seld til Hitra.

Etter å ha skumma igjennom nokre år av *Aarvak*, fann eg altså fleire dømme på bruken av Dimnøy, skrive på ulike måtar. Men eg fann ingen dømme på bruk av Dimna/Dimmen om øya.

Når vi ser i bygdeboka (Ulstein og Hareid 4, av Asbjørn Waage, 1982), finn vi at forfattaren (som er frå Vågane i Dimna skulekrins) nokre stader skriv *Dimnøya*, t.d. under omtalen av gardane i Sundgotbygda s.373, 387f, 425f, og Spjutøy (s.554). Under gardane i Dimna skriv han "*øya Dimna*" (s.479, 508, 536), men også *Dimnøya* (s.537). Under Indre Dimna (s.479) heiter det at "*Øya vert i daglegtalet oftast nemnd Dimnøya for ikkje å forveksle med gardane.*" Han held fram med å referere frå Karl Rygh si forklaring til namnet frå "Norske Gaardsnavne" (sjå nedanfor). I bygdeboka er det teke inn nokre stykke av Knut J. Hasund (1882-1976), s.224f om Hasund. Han brukar namna *Dimna* og *Hod* om øyane.

I bruken av skriftlege kjelder i denne samanhengen kan ein alltid drøfte kva som speglar av den daglege uttaleforma, og kva som er skriftformer og berre det. I døma ovanfor kan vi trygt seie at bruken av "*Hod*" om Hareidlandet er ei rein skriftform. Frå stykket hans ser vi at Knut Hasund var godt kjend både i eldre uprenta kjelder og i historiebøker. (Han var brorson til Sigvald Hasund, som m.a. var professor i landbrukshistorie). Når namneforma *Dimna* om øya er brukt saman med namnet *Hod*, ligg det nær å tru at han ville bruke det han såg som dei "rette" eller "opphavlege" namna. Også Asbjørn Waage (bygdeboka) brukar tidvis namneforma *Dimna* om øya, men han seier rett ut at namnet i daglegtalet oftast er *Dimnøya*.

Ei anna namneform eg også trur må vere ei skriftform, er *Dimnøysund*, om Dimnasund. Dette finn vi i eit innsendt stykke i Aarvak 5.7.1916, "Fraa Sundgotbygdi", underteikna "Strauming". Denne namneforma er sjeldan, men finst i nokre prenta kjelder (sjå nedanfor). Vi kan neppe sjå det som eit vitnemål om lokal uttale av namnet Dimnasund. Men vi kan nok sjå det som eit vitnemål om bruken av *Dimnøy* om øya. Tanken er vel helst at sidan øya heiter *Dimnøy*, må sundet/garden heite *Dimnøysund*.

Frå dei døma som er tekne fram her, ser det tydeleg ut til at folk tidlegare har funne det heilt naturleg å bruke namnet *Dimnøy(a)*.

Skriftlege vitnemål om øy-namnet, eldre døme:

I eldre kjelder er namn på øyar sjeldan nemnde. Dei fleste kjeldene har med personar og skatteobjekt å gjere. Då er det gardsnamna vi kan finne, men ikkje øynamna. Det kan også diskuterast kor representative dei ulike kjeldene er, kor god kjennskap skrivaren har til lokal namnebruk, og kor mykje namna er påverka av (dansk) skriftnormering. Når det gjeld dei eldste kjeldene, er det nok heller tilfeldig kva som er teke vare på, og kva som har vorte øydelagt av væte, lauseld og opprydding.

I denne saka kjem vi ikkje utanom gardsnamna *Dimna* og *Dimnasund*. Desse gardane er nemnde i nokre få kjelder frå 1500-talet. Frå 1600 aukar talet på skriftlege vitnemål sterkt. Øynamnet har eg ikkje funne nemnt før i 1760-åra. Bruken av namna slik vi skriv dei, er frå vårt hundreår. Før vart det skrivi *Dimmen*, *Dimmesund* og *Dimmø(e)*, eller variantar av dette.

I "Norske Gaardsnavne", bd. 13, 1909, skriv Karl Rygh (ikkje Oluf Rygh) s.55 til gardsnamna Dimmen indre og ytre: "*Udentvivil egentlig Navn paa den Ø, som nu kaldes Dimmø. Efter Udt. maa man snarest slutte til en gammel Form *Dimn, hvoraf allerede de ældste Skriftformer maa være Forvanskninger.*" Kva ein her skal leggje i "*som nu kaldes*", er vel litt uklart. -Er det uttaleopplysningar som broren Oluf Rygh samla først på 1880-talet? Er det ei skriftform han har funne i trykte bøker? Eller er det ei opplysning han sjølv har innhenta frå folk frå våre kantar? Opplysninga stemmer iallfall med det vi finn av lokal namnebruk eit tiår seinare.

I "Norges Land og folk - XVI - Romsdals amt", del 2, ved A. Helland, Aschehoug, Kristiania 1911, finn vi at øya er kalla *Dimmø* (s.204, 207), og vi finn namneforma *Dimmøsund* om sundet (s.204, 207) og "*Dimmesund (Dimøsund)*" om garden (s.219). Det ser ut til at han har samla (og skrive av) stoff frå ulike kjelder. M.a. finn vi att (s.217) sitatet ovanfor frå Karl Rygh.

I matrikkelen 1886 finn vi namnet *Dimmesund*, men under merknader "*Ogsaa skr. Dimøsund*".

Utskiiftinga av utmarka på øya vart halde i 1861-63 og tinglest 3. oktober 1864, sak nr.2, ført i Pantebok for Søre Sunnmøre bd.I, fol.139b-146b. Her er øynamnet *Dimøen* nemnt mange gonger. Eitt unnatak finn vi midt på fol.139b: *Dimnøen*. Dette er lest frå sorenskrivaren sin protokoll (Statsarkivet i Trondheim). Det finst protokollar frå sjølve utskiftinga kringom på gardane.

Hans Strøm i "Fysisk og Oeconomisk Beskrivelse over fogderiet Søndmør", 1762 - 1767, skil mellom gardane Dimmen og øya Dimøe. (Sjå kartet i bd.1 og bd.2, s.394f). I eitt tilfelle (s.401) skriv han "*Dimøe, eller Dimmen, er en maadelig stor Øe*", men elles *Dimøe* (s.394, 399, 400, 402-403, 416-417). Det kan trekkjast fram at han også t.d. skriv *Egøe* og *Skorpøe* for øyane Eika og Skorpa. Men då gjeld det også gardsnamna. Der skil han ikkje mellom øynamn og gardsnamn slik som for øya Dimøe og garden Dimmen.

I "Skjergardsnamn frå Sunnmøre", A. Slyngstad, Samlaget, Oslo 1951, s.12, er det nemnt eit kart av Grove frå 1793 der øya heiter *Dimøe*. Dette kan vere eit sjølvstendig vitnemål, men namnet kan også vere henta frå Strøm sitt kart.

Til slutt tek eg med at eg ikkje har funne noko tilfelle av *Dimmøe*, *Dimneø*, *Dimnaøy* eller liknande. (Då ser eg bort frå Namnekonsulenttenesta si liste i brevet 2.10.91; *Dimnaøya*). Heller ikkje har eg funne noko tilfelle med Dimmensund.

Kor gammalt er namnet *Dimnøy* ?

Dette veit vi naturlegvis ikkje. Men vi kan finne nokre peikepinnar til svaret.

Vi kan ta utgangspunkt i Karl Rygh si slutning om ei eldre namneform *Dimn*, altså ubunda form. Dei øy-namna på Sunnmøre vi kjenner frå norrøn tid er i ubunda form, t.d. Hod (Hareidlandet),

Hrund (Runde), Vigr (Vigra), Vørl (Valderøya). Dessutan finn vi gardsnamna Dym (Dijm?) og Demnsund på 1500-talet (sjå nedanfor).

Når ein skal drøfte korleis øy-namnet var i tidlegare tider, er det to spørsmål ein må finne svar på:

1) Dersom øya har vore kalla Dimnøya, ikkje Dimna, kvifor heiter det då Dimnasund ved sundet mot Hareidlandet?

2) Dersom øya har vore kalla Dimna, kvifor ligg både Ytre og Indre Dimna på ytre sida av øya?

Dersom vi kan gje gode svar på begge desse spørsmåla, har vi kome nærare ei løysing.

Dei to eldste gardane på øya er truleg Dimna (indre og ytre samla) og Dimnasund. Desse gardane har etter måten stor skyld (verdimål; 6 våger og 7 1/2 våg) på 1600-talet. Ein reknar med at gardstorleiken (verdien, skylda) på gardane først på 1600-talet gjev ein pekepinn også for hundreåra før. Dette m.a. fordi teknologien ikkje var så mykje annleis at verdihøvet mellom gardane vart endra. Den tredje garden kan ha vore Ertesvåg. Denne har ikkje like stor skyld. Men han ligg for seg sjølv, og i kjeldene finn vi ymt om at her kunne ein drive selfangst. I skattemanntalet 1520 ser vi at Dimna er delt i Dym og Ydredym. Det er nemnt folk berre på desse fire gardane (to mann i Dimnasund). På dei same tre stadene er det gravrøyser. Dimna og Dimnasund har gravminne frå eldre jernalder (ca. 500 f.Kr - 600 e.Kr.). Ertesvåg frå yngre jernalder (ca.600-1050). Sjå Bygdeboka, bd.1 s.98-100. I Dimnasund/Kleiva er det gjort nye utgravingar dei siste åra.

Også Hasund/Garshol (samla) er frå eldre jernalder (eller tidlegare), og har like stor skyld (7 våger). Her er det nemnt 3 mann i 1520. Gardane ved sundet hadde meir skyld enn dei fleste andre "gardsamlingar" i området mellom Hareidlandet og Gurskøya. Det er berre hovdingsetet Ulstein/Osnes og gardane langs Nerøysundet (Nerøy/Leine/Berge) som er større. Flø, Runde, Kvalsvik/Nerland og Haddal (heile dalen) kjem opp mot Dimnasund/Hasund/Garshol.

Tiandepenningmanntalet 1520 er prenta i "Norske Regnskaber og Jordebøger fra det 16de Aarhundre" bd.2, Huitfeldt-Kaas 1896, s.114. Eg har førebels berre sett den prenta utgåva. Namneformer: *Gunder j Dymeswnd, Benth j Dym, Erik j Ydredym* (I "Norske Gaardsnavne" 13 s.54 er det første namnet attgjeve *Dymmeswnd*). Seinare utgjevarar av materiale frå 1500-talet har peika på at det ofte ikkje er skilje mellom bokstavane ij (i-lyd) og y (med tødlar over). Sjå til dømes innleiinga til "Trondhjems Reformats 1589", utg. v. A.-M. Hamre, Oslo 1983, s.6. Det kan vere at namna i manntalet skal lesast *Dijmeswnd* og *Dijm*.

Ei ubunda namneform finn vi også i eit dokument datert midtfaste laurdag 1571 (Orginal i Statsarkivet i Trondheim; eg har ikkje funne prenta utgåve. Innhaldet er referert i Myklebust: "Ørsta", 1933, kjeldeskrifter s.iii). Ein av fleire lagrettemenn som gjev vitnemål er: *Andirs Tostinsin ij demnsund*.

Dersom eit gammalt namn på øya er Dimn, skulle altså sundet og garden heite Dimn-sund. Etter kvart må namnet ha fått ein mellombokstav -e- eller -a-. I skrift har mellombokstaven vore -e-

fram til vårt hundreår. Namnet har oftast vore skrive Dimmesund, men vi finn også nokre døme på Dimnesund. Presten sitt manntal 1666 har *Dimnesund* og *Dimnen*; Kyrkjeboka for Volda har *Demnesund* i 1757. I vår tid skriv og seier vi *Dimnasund*. Dette er den uttalen Oluf Rygh noterte i 1880-åra ("Norske Gaardsnavne" 13 s.54).

Dimna er delt i Dym og Ydredym i 1520. Også i erkebiskop Olav Engelbrektsens jordebok (ca.1530) er garden delt, med namna *Sødredymen* og *Nørdredymen* (prenta utgåve ved Brinchmann og Agerholt 1926, s.1). Kjeldene tyder på at det vart rekna som to tun eller gardar. Ut frå folketalsutviklinga, kan vi tru at delinga må ha skjedd før folketapet etter svartedauden 1349. Kva tid namnet "*indre*" kom i bruk har eg ikkje heilt klarlagt. Eg har førebels ikkje fått gått igjennom dei eldste lensrekneskapa, frå første halvdel av 1600-talet. (Nasjonalbiblioteket i Rana held på å gje ut lensrekneskapa på mikrofilmkort). Matriklar og manntal frå 1660-åra (1661,1665,1666) har alle "*indre*" og "*ytre*". (Matrikkelen for 1647 har ikkje garden Indre Dimna med, truleg fordi han var lagt direkte til sorenskrivarembetet som "inntekt").

No kan vi tenkje oss at Karl Rygh har rett i at eit gammalt namn på øya er, ikkje Dimna, men ubunde form Dimn. Vidare at dette var også namnet på garden nordvest på øya. Garden ved sundet heitte Dimn-sund. Garden Dimn vart delt i to. Det nye tunet låg lenger ute, og vart heitande Ytre-Dimn. Etter kvart fekk begge gardsnamna bunda form: Dimna. Det gamle hovudbølet fekk lagt *Indre* til namnet, altså Indre-Dimn(a). Garden ved sundet fekk ein mellomvokal, først kanskje -e-, Dimn-e-sund; seinare -a-, Dimn-a-sund.

På ei eller anna tid tok folk til å seie *Dimn-øy* om øya. Dette for å skilje mellom øya og garden (gardane). Dette må ha vore før namnet Indre Dimna kom i bruk. Det kan også ha vore før gardsnamnet fekk bunda form. Kva tid vi no snakkar om, er vanskelegare å fastslå. Her kjem ein inn på samanhengen mellom skrift og tale. Til vanleg vert skrivne kjelder rekna for å vere konservative. Dvs at garden ville vere skriven i ubunda form ei tid etter at han i talemålet fekk bunda form. Likeins at ein brukte "*indre*" ei tid før det viste seg i skrift.

Altså, øynamnet Dimnøy kan vere eldre enn gardsnamna i bunda form, Dimna; det er eldre enn bruken av "*indre*" om den inste av Dimna-gardane (seinast midt på 1600-talet); og det kan vere eldre enn Dimnesund/Dimnasund. Denne forklaringa gjev svar på begge dei to spørsmåla ovanfor. Dersom ein held fast på at øynamnet var Dimna, vert det vanskelegare å forklare namnet Indre Dimna.

Eit spørsmål om gamle namn

Eit spørsmål eg vil stille, men ikkje drøfte, er dette: - Kan øya og gardane ha skifta namn i vikingtida? Spørsmålet er knytt til tolkinga av namnet.

I "Jul på Sunnmøre 1993" skriv Oddvar Nes om "Nokre gamle øynamn på Sunnmøre", (s.26f) om Dimna. Her skriv han at namnet Dimna

(Dimn?) har samanheng med eit gammalirsk ord som tyder "*tvitoppa*". Han skriv også at dette namnet "*er oppkome så seint som i vikingtida*". Det er ikkje sagt korleis han reknar ut dette, men det har vel noko med kva tid nordmenn og irar hadde kontakt. Lat oss no tenkje oss at namna Dimnasund, Dimna og Dimnøy har opphav i eit eldre øynamn Dimn. Dersom dette namnet kom opp i vikingtida (ca.700-1050), då må dei to gardane også ha skifta namn. Her er det snakk om to rike, gamle og relativt store gardar, sjå ovanfor. Namneskifte kunne nok skje dersom dei låg øyde ei tid. Men det må ha vore ei hard øyde-tid dersom begge desse gardane og Hasund låg nede.

Eg har ikkje grunnlag til å drøfte dette spørsmålet. Men eg tek meg lov til å spørje. Det fortel oss vel først og fremst at ein skal vere varsam med å trekkje "sikre" konklusjonar om farne tider. I teksta ovanfor har eg på sett og vis godteke Karl Ryghs slutning om eit eldre øynamn Dimn, og at gardsnamna Dimn(a) og Dimn(a)sund kjem av dette. Men storparten av eldre vitnemål har namneformer Dim, Dimmen, Dimmesund, og liknande, somtid med e som første vokal. Tek vi omsyn til at skriftlege kjelder er konservative, må vi spørje om *Dimn*- kanskje kan vere ei nyare form, medan *Dim*- er meir opphavleg. I så fall er kanskje *Dimn*-nyare enn vikingtids kontakt med Irland. Og då må vi leite etter ei anna namnetolking enn den irske "*tvitoppa*".

Dette bør minne oss om at kunnskapane er ufullstendige, og at konklusjonar er uvisse. Det hjelp lite kor overtydde vi er, dersom historia faktisk var annleis. Vi kan ikkje vite heilt sikkert at gardsnamna Dimna/Dimmen og Dimnasund/Dimmesund har same opphav, og langt mindre at tolkinga av namnet Dimn(a) er rett.

Ei grense over Dimnøya

- om skiljet mellom Dimna og Sundgot.

Eg har nemnt tidlegare at ein *dimning* er ein frå Dimna, medan dei frå Sundgot (bygda) ikkje vil vite av denne nemninga. Då kjem vi inn på det som vert kalla mannjamning: Fredeleg kiving om kven som er best og gjævast. Vi har det mellom land, t.d. Noreg - Sverige og Belgia - Nederland; mellom sokn, t.d. Ulstein - Hareid og Ørsta - Volda; og mellom gardar og grender, t.d. Hasund - Sundgot - Dimna og Follestaddalen - Åmdalen (Ørsta).

Kivinga mellom Hasund, Sundgot og Dimna er ikkje hardare enn at det er lov å flytte eller gifte seg over grensa. Men då lyt du kanskje tole ein vits. Grensene er naturlege når ein skal setje opp lag i ei eller anna tevling. Vi kjem attende til namna på ungdomslaget (1915) og korpsa (1920, 1970); *Hasund og Dimnøy*. Dette var den einaste nemninga som femna om alle tre bygdene. Skulekrinsane heitte Hasund og Dimna, men dette ville lett gjere Sundgot-folk til dimningar, så det kunne ikkje brukast.

Med bakgrunn i mannjamninga: Det ville ikkje vere så rart om ein og anna frå Dimna vil kalle øya for Dimna. Frå innsida ville ein då seie, at betre kan ein vel ikkje vente av ein *dimning*.

Kor gammal er så denne grensa over øya? Det ser ut til at

skulekrinsane har vore uendra sidan ca.1890. Dette er få år etter ein fekk faste skulestadar (ca.1880), og ein del år før det friviljuge lagsarbeidet skaut fart. Etter grensejusteringane i 1880-åra enda ein opp med grenser som ikkje var naturlege etter folketalet. Hasund/Sundgot vart om lag dobbelt så stor krins som Dimna. Heller ikkje utifrå avstandane er det gitt at grensene skulle gå nett slik. Det kan tyde på at det ligg ei eldre grense bak krinsgrensa.

Kva slag grenser har vi så før skulekrinsane? Administrativt og juridisk har vi soknegrenser og gardsgrenser som dei minste einingane. Men vi har også den meir uformelle inndelinga i bedarlag. Det viktigaste var bedarlag til bryllaup og større dugnadsarbeid som takteking og husbygging. Barnsøl/dåp og gravøl var hendingar som var mest knytt til familie og næraste grannar. Desse bedarlaga var mindre og meir tøyelige. Noko anna var bedarlaga til bryllaup og til dugnad. Desse var gjerne same området, og dei hadde noko å seie økonomisk sett. Bygningsarbeid let seg gjennomføre fordi mange var med på det. Bryllaupsgåver og "be til bustad" var startkapitalen for nygifte par.

Skipnaden med bedarlag gjekk ut med dei endra samfunnstilhøva utetter 1800-talet. Knut J. Hasund (Bygdeboka bd.4, s.190) fortel at Hasundbygda (Botnen, Garshol, Hasund og Strandabø) var bedarlag for bryllaup og for større dugnad. Ser vi på brukartalet og skylda (verdien, storleiken) på gardane frå 1600 til 1800, finn vi at Dimnøya er om lag to gongar Hasund. Og dersom Dimnøya skal delast i to, er det ikkje så mange andre måtar å gjere det på, enn å følgje skulegrensa. Før 1603 veit vi heller lite om folketalet i bygdene våre.

Så langt har eg ikkje granska alle tilgjengelege kjelder, og i dette spørsmålet vil kjeldene vere magre. Men så langt kan vi seie at det ikkje er usannsynleg at Dimnøya heilt frå 1600-talet har vore delt i to bygder, slik som no.

Praktisk funksjon av stadnamn

Eg har gjort greie for at ulike namn på øya og gardane/bygda har hatt som funksjon å skilje mellom desse to einingane eller "namneobjekta".

Ein anna side av det same kjem fram ved spørsmålet: -Dersom øya skal heite Dimna, kvar finn vi grendahuset på Dimna? Dimna grendahus ligg i Dimna, Hasund grendahus ligg på Sundgot. Begge ligg på øya. No vert det sagt av dei som vil ha Dimna som øy-namn, at ein skil mellom bygd og øy ved bruken av preposisjonar. På øya er "på Dimna" og i bygda er "i Dimna". Skal tru om det er slik? I Vikebladet-Vestposten 1.2.94 finn vi ein redaksjonell artikkel om bygging av "husvære på Dimna", og det er bygda det er snakk om. På øya er det fleire byggjefelt utanom Dimna. Preposisjonar til stadnamn er ikkje ei enkel sak for dei som ikkje er fortrulege med den lokale bruken. Det er ein lite truverdig argumentasjon, å vise til at ein kan skilje mellom bygda og øya ved preposisjonane,

Å skilje mellom ulike stadar ("namneobjekt"), er ikkje like viktig

for alle. For dei som bur i Ytre Dimna, har det kanskje lite å seie om dei vert heimfesta i eller på Dimna. Likeins ligg dei på ytre sida anten ein snakkar om øy eller grend. Men det vert litt underleg dersom "indre Dimna" somtid er Indre Dimna og somtid Sundgot. Dei utanfrå, som ikkje har noko med øya å gjere, har heller ikkje så mykje trong til å skilje mellom øy og grend. Det er vel ein av grunnane til at Stadnamnlova held fram den lokale uttaleforma.

Dimnøy - Dimnøya

Ubunda eller bunda form? Dei fleste vil seie at dette ikkje er eit spørsmål om namn, men om forma på namnet. Etter å ha sett på nokre namnesaker, er eg ikkje viss på at Namnekonsulenttenesta deler dette synet. Det har også den praktiske sida at Kartverket helst vil ha berre éi namneform i registeret sitt. Difor tek eg med nokre ord om det her. Eg vil tru at spørsmålet om ubunda/bunda form ikkje på langt nær vekkjer det same engasjementet som spørsmålet om Dimna/Dimnøy(a).

Somme namn er alltid ubundne (t.d. Hasund), andre alltid bundne (t.d. Dimna). Men mange namn følgjer bøyingsmønster som andre ord. Vi kan seie "dette er ei øy", "dei bur på ei øy" og "Øya ligg ved...". Dette illustrerer bruken av ubunda/bunda form. Båten til Rasofiel Dimmen (sjå ovanfor) heitte "*Dimnøy*", og det heiter "*Hasund og Dimnøy kr. ungdomslag*" - fordi det er eit namn. Men vi seier ungdomslaget og Dimnøya, når grammatikken elles tilseier bunda form. Stadnamn førekjem ofte i preposisjonsuttrykk, og då får dei bunda form, "på Dimnøya". Ved namngjeving får namna ofte ubunda form, som t.d. i lagsnamnet. Likeins heiter det *Hasund grendahus*, ikkje *-huset*.

Somme språkgranskarar seier at desse ubundne formene ikkje har rot i den nedervde lokale uttalen av namna. Hallaråker nemner dette i "Namn og stad" (MRDH-Volda, 1987) s.35. Han nemner fleire døme. Det heiter vidare: "*Dette kan vel ikkje tolkast på annan måte enn at mange synest at den ubundne forma er finare enn den bundne, truleg fordi ho ligg nærare bokspråket og offentleg byråkrati*". Eg kjenner ikkje det vitskaplege grunnlaget for dette. ("Namn og stad" er ei handbok, ikkje ein vitskapleg rapport med dokumentasjon og tilvisingar). Til så lenge må eg gå ut frå at dei har noko meir underlag for ei slik utsegn. Men utsegna er i seg sjølv problematisk. Det dei faktisk seier er: Vi har ikkje funne "A" - difor finst ikkje "A".

Vi kan diskutere om slike ubundne former har rot i den lokale namnekulturen, eller ikkje. Det lyt stå til ein annan gong. Og i denne samanhengen er ikkje spørsmålet så interessant. Vår synsvinkel er gitt av Stadnamnlova. Og då ser vi at språkgranskarane, ved utsegner som den ovanfor, faktisk stadfestar at ubundne former er mykje brukte, at dei er innarbeidde, og at folk identifiserer seg med dei.

Det er ikkje kvar dag vi set namn på organisasjonar og bygningar, - og øyar. Alle som vil, kan sjå det sjølv: Folk har funne det naturleg å bruke namna i ubunda form ved namnsetjing. Hallaråker

forklarar det med age for bokspråket, og mindremannskjensle for eige talemål. Vi kan like gjerne forklare det med age hundreårs nedervd tradisjon med ubundne former i stadnamn. Det er trass alt eit stort tal gardsnamn som alltid har hatt ubunda form.

Utifrå dette vil det for ei kartform av namnet vere naturleg å følgje tradisjonen ved namngjeving, altså ubunda form, Dimnøy.

Oppsummering

Den lokale uttalen av øynamnet er Dimnøy - Dimnøya - på Dimnøyninje. Det er ingen tvil om at dette namnet har vore i bruk lenger enn nokon kan hugse. Dette er altså "den nedervde lokale uttalen".

Øya vert kalla Dimnøya for å skilje øya frå gardane og bygda Dimna. Dette skiljet er heilt klart hundre år gammalt, og det er grunnar til å tru at det er mykje eldre. Dette har med "den praktiske funksjonen" å gjere.

Dei fleste som har opphav i Dimna, Sundgot og Hasund meiner øya framleis bør heite Dimnøy(a). Dette er eit ønskje frå eigarar og dei som bur der.

Det er påvist lang skriftleg tradisjon for bruken av namnet Dimnøy.

Kort sagt: Alt som stadnamnlova legg vekt på, tilseier at namnet på øya skal vere Dimnøy.